



11 MAR 2014

Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.

11/933-12/ 14/427/45/105, L42/HAS

Dato:

Manger: 15.01.2014

**GNR 45/105 MANGER/MANGER FOLKEHØGSKULE - SØKNAD OM LØYVE TIL
TILTAK MED ANSVARSRETT - GYMBYGGET - ENDRING AV ANSVARSRETT -
GODKJENNING - OVERSENDING**

Vedlagt vert kopi av sakspapir med vedtak for handsaminga av denne saka oversendt Dykk.

Det vert i den samanheng vist til vedlagde orientering om klagerett.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar plan, oppmåling og byggesak/ Jur. rådgj.

Hogne Askeland
Prosjektkoordinator

Kopi til:

Og Arkitekter as

C. Sundstgt 37, Pb 1809 5816 BERGEN
Nordnes

RADØY KOMMUNE

Sakspapir – Del. vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Delegert frå plan, landbruk og teknisk	15.01.2014	003/14	HAS

Sakshandsamar: Hogne Askeland	Arkiv: GBNR-45/105, K2-L42 Objekt:	Arkivsaknr 11/933
--------------------------------------	---	-----------------------------

Gnr 45/105 Manger/Manger Folkehøgskule - søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett - gymbygget - endring av ansvarsrett - godkjenning

etter plan- og bygningslova § 20-1

Saksdokument:

Nr	T	Dok. dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	03.10.2011	Og Arkitekter as	Gnr 45/105 Manger/Manger Folkehøgskule - søknad om rammeløyve - gymbygget
3	U	19.10.2011	Hordaland Fylkeskommune	Gnr 45/105 Manger/Manger Folkehøgskule - søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett - gymbygget - oversending
4	I	11.04.2012	Og Arkitekter as	Gnr 45/105 Manger/Manger Folkehøgskule - Søknad om igangsetting
6	U	19.04.2012	Hordaland Fylkeskommune	Gnr 45/105 Manger/Manger Folkehøgskule - søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett - gymbygget - igangsetjingsløyve - oversending
7	I	29.06.2012	OG Arkitekter AS	Gnr 45/105 Manger/Manger Folkehøgskule - søknad om igangsetjingsløyve
9	U	12.07.2012	Hordaland Fylkeskommune	Gnr 45/105 Manger/Manger Folkehøgskule - søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett - gymbygget - anvarsrett og igangsetjingsløyve - oversending
10	I	16.12.2013	Og Arkitekter as	Gnr 45/105 Manger/Manger Folkehøgskule - Søknad om endring ansvarsrett

Adresse : **Mangersnesvegen 3, gymbygget**
Tiltakshavar : Hordaland Fylkeskommune, Eigedomsseksjonen
Ansvarleg søker : Og Arkitekter as
Søknadstype : Søknad om endring av løyve, ansvarsrett

Saksutgreiing:

Tiltak

Det er i sak 268/11, datert 19.10.11 gjeve rammeløyve for etablering av nytt vindfang med innglassing av eksisterande svalgang på gymbygget ved Manger Folkehøskule gnr. 45/105 Mangersnesvegen 3. I sak 092/12, datert 18.04.12 er det gjeve igangsetjingsløyve for ovannemnde tiltak. Det er no søkt om endring av ansvarsrett for utføring utvendig tømrrarbeid.

Det vert elles vist til søknad mottatt 16.12.13.

Nabovarsel

Tiltaket er tilstrekkeleg nabovarsla samsvar med pbl. § 21-3 i førre søknad. Det ligg ikkje føre merknader i samband med nabovarslinga.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i kommunedelsplan for Manger 2007-2019 er definert som område for offentleg føremål. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune, og gebyrregulativ vedtatt i kommunestyret den 15.12.11, vert det gjeve ANSVARSRETT for utvendig tømrrarbeid i samband med oppføring av tilbygg som omsøkt i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1, 23-3, 23-6, 29-2 på følgjande vilkår:

1. Vilkår som er sett i tidlegare gitte løyve gjeld framleis.
2. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.
3. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaminga av Dykkar søknad:

Plan og forvaltning (byggesak):

11.2.8 Tilleggsgebyr, delt sakshandsaming **kr. 2.500,-**

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

4. Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

FØRETAK	L/S*	FUNKSJON	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
Byggmester Markhus, org.nr. 937973772	S	UTF	1	Utføring utvendig tømrrarbeid.

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det vert forutsett at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon skal sendast inn saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve. Ved evt. avvik skal det søkjast om endring av løyve.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg søkjar skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10, og oppdatert gjennomføringsplan skal leggjast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Sjå vedlagde orientering om klagerett.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: **11/933**

Tonje Nepstad Epland
Leiar plan, næring og teknisk/Juridisk rådgjevar



Hogne Askeland
Prosjektkoordinator

Kopi til:

Hordaland Fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN

Sender (stemplett til forvaltningsorganet) RADØY KOMMUNE Tlf.nr. 56 34 90 00	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet) Dato
☉ Mottakar (namn og adresse)	☉ Klageinstans
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk . Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk ☉.</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p>Rett til å krevje grunngeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga.</p> <p>Innhaldet i klaga De må presisere – kva for eit vedtak De klagar på – årsaka til at De klagar – den eller dei endringar De ønskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast.</p> <p>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjord.</p> <p>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk . De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk ☉) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjord i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
Særlege opplysningar	